



Bengt Ingvard Iden
Ievegen 215
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3282 - 15/23049

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Tilskot til grøfting av jordbruksareal på gbnr. 49/4 lo

Administrativt vedtak. Saknr: 448/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke Bengt I. Iden har søkt om kommunalt tilskot til grøfting for 2015. Utval for drift og utvikling vedtok i sak 96/2015 på møte 17.12.15 at grøfting skulle vera prioritert for tilskot i inneverande år, og at det kunne nyttast inntil kr. 20 /løpemeter. Bengt I. Iden søker om tilskot til 750 meter med grøfting på gbnr. 49/4.

Det er komen inn 4 tal søknader på til saman 2224 meter. For 2015 har Meland sett av ei budsjettramme på kr. 35 000 til fordeling. Dette gjev ein sats på kr. 16 pr. lm

Kommunestyret vedtok i 2002 retningsliner for handsaming av tilskot til landbruksføremaal. Målet for midlane er å medverka til å fremja gode landbrukstiltak i kommunen. Det er mellom anna vilkår om at søker må ha rett på produksjonstilskot og at arbeidet må vera ferdig.

For 2015 Utval for drift og utvikling gjorde difor vedtak om å prioritera grøfting for kommunalt tilskot i 2015.

Vurdering

Ei av hovudutfordringane for jordbruket i Meland er dårleg grøftetilstand på mange areal. Endring av klima, tyngre maskiner kombinert med gamle grøfter gjer at ein god del areal står i fare for å gå ut av drift fordi det er kostbart og arbeidskrevjande å grøfte. Grøfting har difor stor verknad både for å auka avlingsnivå og avlingskvalitet, betra driftstilhøve på bruka og for skjøtsel av kulturlandskapet.

Regnestykket vert slik

Gjennomført grøfting i meter:	Tilskotssats kr/pr. meter:	Sum:
750	16	12 000

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er viktig og i tråd med dei kommunale rettningsliner.

Vedtak

«Meland kommune løyver kr. 12 000 i tilskot til Bengt I. Iden for 750 meter grøfting på gbnr. 49/4 m.fl. Løyvinga vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290 i tråd med retningsliner vedteke av kommunestyret i 18.12.02 sak 131/02.

Tilskotet vert overført kontonummer som er nytta i samband med søknad om produksjonstilskot.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Mottakere:

Bengt Ingvard Iden

levegen 215

5917

ROSSLAND